



DET NORSKE TEATRET

Clas Haldor

# DET NORSKE TEATRET

i samarbeid med

RIKSTEATRET



## RØMINGEN

Skodespel i 3 akter

av

Fritz Hochwälder

Turneleiar: Trygve Nørve

Det Norske Teatret har etter vedtekten sine til føremål å syne fram skodespel på norsk mål både i bygd og i by. Det Norske Teatret vart skipa i 1912 og hadde den fyrste fram-syninga si ute på spelferd i Kristiansand 2. jan. 1913. Fyrst i oktober same året opna teatret i hovudstaden!

I den fyrste tida var teatret på spelferd over heile landet, opp til 5–6 månader av året. Etter kvart vart spelferdverksemda noko mindre, men heilt fram til krigen var teatret ute 2–3 månader kvart år. Etter krigen flytte Det Norske Teatret til Casino i Stortingsgata 16. Det er eit stort teater og drifta på eit større teater bind personalet meir.

Ein kan seia at Det Norske Teatret i lange tider var eit riksteater. No har vi fått Riksteatret, og Det Norske Teatret har samstundes etter stortingsvedtak plikt til å sende ut spelferde med 30 framsyningar i året. Det vil ikkje seia at teatret *berre* vil spela desse 30 framsyningane, men gjerne vil freiste å få så mange framsyningar som råd ut over landet. For eit par år sidan var teatret oppe i 80 framsyningar på spelferd. Og denne spelbolken ser det ut til at teatret skal få rett livleg spelferd-verksemd. Dei framsyningane vi sender ut, blir sette opp i samarbeid med Riksteatret, såleis at det hjelper til med tilskipinga og rutene for spelferdene.

Alle vi på Det Norske Teatret gler oss til å koma ut på spelferd og gje flest mogeleg framsyningar, og vi vonar at folk utover landet set pris på at teatret kjem og vitjar dei.



Nils Sletbak

Nils Sletbak.

# Rømingen

*Skodespel i 3 akter av Fritz Hochwälder*

*Etter utkast av Georg Kaiser*

*Omsett av Olav Dalgard*

*Instruktør: Knut Thomassen*

*Dekorasjonen: Arne Walentin*

*Dei som spelar:*

Rømingen ..... *Alf Malland*

Kona ..... *Julia Back*

Grensevaktaren ..... *Gisle Straume*

Pause etter 2. og 3. akt.



*Alf Malland*



*Julia Back*



*Gisle Straume*



## *Fritz Hochwälder*

er ein av dei mest talentfulle og mest produktive dramatikarane som har skrivi på tysk etter krigen. Han er av jødeætt, fødd og oppvaksen i Wien, der han stod i butikken til faren i dei første ungdomsåra. Etter «Anschluss» rømde han til Sveits, og her skreiv han fyrste skodespelet sitt i 1941, «Das heilige Experiment», som handla om den jesuittiske freistnaden på å byggje opp ein «gudsstat» for indianarane

i Paraguay fyrst på 1700-talet. Stykket, som no blir spela på Det Norske Teatret i Oslo, er ikkje skrivi for å glorifisere den omstridde munkeordenen, men for å tolke den aktuelle motsetnaden mellom imperialistisk maktkrav og human rettferdsvilje. Etter urpremieren i Sveits i 1942 har det sermerkte dramaet gått sin sigersgang på ei rekke europeiske scenar, no nyleg på Barrymore-teatret i New York. Her, som i dei fleste stykka til Hochwälter, blir hovudpersonen tvinga til å velja mellom makthavarane og samvitet sitt. Dette gjeld og «Rømingen» (Der Flüchtling) som teatret no gjestar Telemark og Hallingdal med. Dette stykket hadde sveitsisk urpremiere i 1945. Her møter vi ei hending som gjerne kunne ha gått føre seg i Noreg under okkupasjonen. I ei til det ytste fortetta spaning opplever vi her jøssing-kontra qvisling-mentaliteten endå ein gong. Mellom dei mange krigs- og etterkrigsskodespela som har tolka denne motsetnaden, står Hochwälders vesle tre-manns-stykke som eit av dei mest markante og verknadsfulle. Kanskje det som vil leva lengst av dei alle, av di dei heilt enkelt er eit dramatisk kvalitetsarbeid.

O. D.

Tegn Deres livsforsikring i

**GLITNE**

**DET** er virkelig livskunst


# BØNDERNES BANK A/S

OSLO — SKIEN — STAVANGER — TRONDHEIM

Alle slags bankforretninger i Norge og utlandet



LIVSTTRYGDING  
ANDVAKE



## Norsk Allkunnebok

Noregs mest moderne leksikon,  
bør De eiga. 10 store band. Spør  
etter det i nærmeste bokhandel,  
eller skriv beinveges til

FONNA FORLAG - OSLO



A.S ASKIM GUMMIVAREFABRIK

Teater snesko  
av sort nylonstoff  
med sort pelskant.